



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
16.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/834 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på eige og inntekt pr. 31.august 2014

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på eige og inntekt for kommunane i Hordaland pr. 31.august d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 2,5 prosent dei første 8 månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 2,4 prosent.

Innbetalt skatt pr. 31.august d.å. i prosent av budsjett 2014 var 63,1 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 62,0 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 2,0 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet med i underkant av 3,0 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

SKATT PÅ EIGE OG INNTEKT FOR KOMMUNANE I HORDALAND

I kr. 1.000,-	INNGANG 31.aug 2013	INNGANG 31.aug 2014	AUKE I %	INNGANG 31.aug PR. INNB.	BUDSJETT 2014	AUKE I % BUDSJETT 2014 REKNESKAP 2013	INNBET. PR. 31.aug I % AV BUDSJETT 2014
KOMMUNE							
Bergen	4 622 400	4 731 200	2,4%	17397	7634663	3,0	62,0
Etne	59 400	58 600	-1,3%	14444	94445	1,9	62,0
Sveio	72 200	75 400	4,4%	13802	122400	5,0	61,6
Bømlo	173 600	179 600	3,5%	15286	286900	4,7	62,6
Stord	284 200	286 600	0,8%	15555	465769	5,4	61,5
Fitjar	47 300	46 800	-1,1%	15553	79700	10,8	58,7
Tysnes	40 700	41 000	0,7%	14936	64000	-2,7	64,1
Kvinnherad	208 000	205 500	-1,2%	15531	330642	6,0	62,2
Jondal	15 700	17 000	8,3%	15539	24200	3,9	70,2
Odda	128 200	124 600	-2,8%	17785	186000	-0,9	67,0
Ullensvang	48 800	51 000	4,5%	15138	78800	2,9	64,7
Eidfjord	37 800	39 100	3,4%	41158	47300	-0,4	82,7
Ulvik	24 000	23 800	-0,8%	21755	32860	1,4	72,4
Granvin	11 200	11 700	4,5%	12843	18170	2,7	64,4
Voss	203 500	207 700	2,1%	14660	308776	-4,3	67,3
Kvam	122 500	122 300	-0,2%	14247	196693	3,9	62,2
Fusa	59 900	62 400	4,2%	16297	96500	7,1	64,7
Samnanger	38 200	38 000	-0,5%	15599	61517	6,4	61,8
Os	273 000	287 000	5,1%	15366	463000	6,9	62,0
Austevoll	108 000	109 600	1,5%	22258	173000	9,4	63,4
Sund	92 600	95 500	3,1%	14393	157100	7,0	60,8
Fjell	368 600	386 700	4,9%	16212	611473	4,0	63,2
Askøy	380 300	394 900	3,8%	14441	632934	7,2	62,4
Vaksdal	63 500	63 900	0,6%	15435	92500	0,9	69,1
Modalen	20 000	20 700	3,5%	55645	22600	0,4	91,6
Osterøy	100 200	103 500	3,3%	13293	165900	5,3	62,4
Meland	100 300	103 300	3,0%	13693	185400	15,2	55,7
Øygarden	67 700	69 600	2,8%	14796	107055	-0,1	65,0
Radøy	68 000	70 000	2,9%	13892	112879	4,1	62,0
Lindås	233 200	243 200	4,3%	16139	385489	8,6	63,1
Austrheim	54 400	53 800	-1,1%	18990	92600	9,8	58,1
Fedje	7 900	7 800	-1,3%	13904	14310	11,8	54,5
Masfjorden	33 800	34 800	3,0%	20555	50847	4,0	68,4
SUM:	8169100	8366600	2,4%	16559	13 396 422	3,8	62,5
UTANOM BERGEN	3546700	3635400	2,5%	15583	5 761 759	5,0	63,1

